

## Referat frå styremøte i Utdanningsforbundet Stad

Stad: Stad Rådhus Formannskapssalen

Tid: Torsdag 22.08.2024, kl.18.00-20.00

<b>Til stades</b>	Siv Tonje Otneim Anita Hunvik May Brit Melheim Vivian Frøynes Melheim Mariann Leite Hatlenes Signy Muller Per Kenneth Hovdevik Ranveig Isene Roald Hanssen
<b>Ikkje møtt</b>	Marina Khudozhilova Aasebø

### 33/24 Godkjenning av innkalling og referat frå førre møte

#### Saksutgreiing:

Det vart sendt ut varsel på e-post til styret med møtedato, tid og stad for møte. Innkalling og referat førre vart sendt per e-post 05.08.2024. I tillegg vart styret kalla inn via KAV. Fylket har nye retningslinjer for innkallingar til møter og lagring av referat, så her etter vil all innkalling skje via KAV. Påminning om møte vart sendt ut 21.08.24.

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og møtereferat er godkjend. Styret ynskjer å få e-post med informasjon om møter i tillegg til KAV.

#### Vedtak:

Innkalling og møtereferat er godkjend. Styret ynskjer å få e-post med informasjon om møter i tillegg til KAV.

### 34/24 Konstituering av styret

#### Saksutgreiing:

Saka vart innleia med ein samtale om kva tankar ein har rundt det å vere styrerepresentant i Utdanningsforbundet Stad.

#### Innspel frå samtalen:

- Møteform: Uformell styreform der ein kan ha gode samtalar og oppleve å bli høyrde. Dersom behov må ein innføre formell møteform.
- Klubbar som fungerer godt.
- Spissa bestillingar og forventingar ATV i klubbane.
- Skape aktivitet i klubbane.
- Stille krav til medlemmane i styret og dei tillitsvalde.
- Fysisk opplæring.
- Formsundersøking for å fremje aktivitet i klubbane.

#### Medlemmar i styret:

Leiar	Siv Tonje Otneim	GS
Nestleiar	Anita Hunvik	VGO
HTV	May Brit Melheim	Vaksenopplæringa
Økonomiansvarleg	Per Kennet Hovdevik	GSK
Leiarmedlem	Vivian Frøynes Melheim	GSK/BHG
Styremedlem	Mariann Leite Hatlenes	BHG
Styremedlem	Marina Khudozhilova Aasebø	GSK
Styremedlem	Signy Muller	BHG
Pensjonistkontakt	Roald Hanssen	Utan registrert arbeidsstad

#### Val av rekneskapsansvarleg:

Per Kenneth Hovdevik tek vervet som rekneskapsansvarleg for Utdanningsforbundet Stad komande årsmøteperiode.

#### Framlegg til vedtak:

Vi tek med oss innspela i det vidare arbeidet. Per Kenneth Hovdevik tek vervet som rekneskapsansvarleg komande årsmøteperiode.

#### Vedtak:

Vi tek med oss innspela i det vidare arbeidet. Per Kenneth Hovdevik tek vervet som rekneskapsansvarleg komande årsmøteperiode.

## 35/24 Informasjon og meldingar

### Møte om pensjon

09.09.2024 vert det møte om pensjon for regionen i Stryn. Påmelding vert sendt ut til medlemmane. ATV får plakat som dei må henge synleg på arbeidsplassen. Lokallaget tilbyr gratis skyss.

Tilbudsstrukturen for vidaregåande skule i Vestland:  
Leiar informerte om framlegget til ny tilbudsstruktur.

### Styringsdokument:

Vi utdannar Noreg og Strategisk plan er Utdanningsforbundet sin overordna politikk og innsatsområde som landsmøte har vedteke. Desse dokumenta gjeld på alle nivå i organisasjonen og er førande for arbeidet dei tillitsvalde skal gjere og seier noko om område vi skal arbeide spesielt med i landsmøteperioden. Det er viktig at dei tillitsvalde er kjende med innhaldet.

### Grafisk profil i Utdanningsforbundet

Utdanningsforbundet skal innføre ny grafisk profil i løpet av oktober. Framlegg om at vi ventar med å gjere innkjøp på nettbutikken til den nye grafiske profilen er på plass.

### Framlegg til vedtak:

Informasjonen vert teken til vitande.

### Vedtak:

Informasjonen vert teken til vitande.

## 36/24 Møteplan

### Saksutgreiing:

Innspel til møteplanen:

- Møte for leiarar – Vivian kjem med framlegg til dato
- Pensjonistaktivitet – sosial aktivitet før jul

### Framlegg til vedtak:

Møteplanen vert godkjend av styret med dei endringar som er komne inn.

### Vedtak:

Møteplanen vert godkjend av styret med dei endringar som er komne inn.

### **37/24 Møtegodtgjersle**

#### **Saksutgreiing:**

Satsar frå 01.08.22:

Leiar: 750 kr

Nestleiar: 350 kr

HTV: 750 kr

Rekneskapsansvarleg: 500 kr

Styremedlem: 250 kr

Pensjonist: 250 kr (må avklarast om pensjonistkontakt ynskjer dette sidan det vert løn).

Styret fekk spørsmål om vi skal halde fram med satsane eller gjere endringar.

#### **Framlegg til vedtak:**

Vi sjekkar med andre lokallag betalar i møtegodtgjersle og undersøker kva som er tilråding sentralt.

#### **Vedtak:**

Vi sjekkar med andre lokallag betalar i møtegodtgjersle og undersøker kva som er tilråding sentralt.

### **38/24 Planlegging av utvida styremøte**

#### **Saksutgreiing:**

Årets første Utvida styremøte er 26.09.24 kl. 18.00-20.30 i Gjerdane barnehage. Vi ynskjer å feire den nye barnehagen med marsipankake og eventuelt snittar.

Sakliste til møte vart drøfta med følgjande innspel:

1. Barnehagedagen 2025 "Lat leiken leve".  
Medlemsmøte. I staden for å ha arrangement kvelden før Barnehagedagen, ynskjer vi å arrangere medlemsmøte for barnehage og småskule på nyåret med leik som tema, der vi inviterer Anita Holm Cirotzki. Invitere Fagforbundet.
2. Aktivitet og engasjement i klubbane
3. HTV. Arbeidstid
4. Delt økt:
  - Flytting av eksamen
  - Barnehagedagen (work shop med erfaringsdeling)

## 5. Ny opplæringslov

### **Framlegg til vedtak:**

LL held fram med planlegging av møte og inviterer Anita Holm Cirotzki til medlemsmøte på nyåret.

### **Vedtak:**

LL held fram med planlegging av møte og inviterer Anita Holm Cirotzki til medlemsmøte på nyåret.

## **39/24 Medlemsmøte**

### **Saksutgreiing:**

Skal lokallaget tilby "Språksjov med Linda Eide" som medlemsmøte 13. Mars 2025? Leiar har reservert 120 billetter med god plassering i Operahuset Nordfjord. Prisen per billett er kroner 475. Vi håpar å kunne gjere ein avtale om ein god pris.

På møte drøfta ein følgjande:

1. Er dette ei aktuell framsyning for eit medlemsmøte?
2. Skal Utdanningsforbundet Stad sponse heile eller delar av billetten?
3. Dersom vi har store kostnader på billetter, skal vi då ha servering?

### **Framlegg til vedtak:**

Styret ynskjer at vi skal auke talet til 150 billetter og at lokallaget sponsar heile billetten. Lokallaget tilbyr kaffi og enkel servering.

### **Vedtak:**

Styret ynskjer at vi skal auke talet til 150 billetter og at lokallaget sponsar heile billetten. Lokallaget tilbyr kaffi og enkel servering.

## **40/24 Lokale forhandlingar**

Kort orientering om Lokale forhandlingar av HTV, May Brit Melheim.

### **Framlegg til vedtak:**

Informasjonen vert teken til vitande

### **Vedtak:**

Informasjonen vert teken til vitande.

#### **41/24 Eventuelt**

Det vart meldt inn to saker under eventuelt.

##### **Eksamen:**

Tillitsvald ved Eid vidaregåande skule har meldt inn sak som gjeld eksamen. Udir har flytta eksamen i vidaregåande opplæring omlag ei veke fram. Noko som betyr at skriftlege eksamen oftast fell før 17.mai.

Denne endringa får praktiske konsekvensar. Mellom anna medfører endringa til at lærarane får kortare tid til undervisning. UDIR må sjå nærare på kva utfordringar og konsekvensar det får å flytte eksamen

Etter å ha drøfta saka i lokallaget er styret samde i at ein ynskjer å sende denne saka vidare til fylkesstyret. Tillitsvald på Eid vidaregåande arbeider med ei uttale saman med Anita Hunvik til neste styremøte.

##### **Framlegg til vedtak:**

Tillitsvald og nestleiar skriv framlegg til uttale og styret arbeider vidare med saka på styremøte 30.10.2024.

##### **Vedtak:**

Tillitsvald og nestleiar skriv framlegg til uttale og styret arbeider vidare med saka på styremøte 30.10.2024.

##### **Ressursar:**

Det er knappe ressursar ute i einingane for opplæring. Tilsette i skule og barnehage skal løyse fleire oppgåver enn før, men med mindre ressursar. Stad kommune har låg grunnbemanning.

Styret har drøfta om vi bør skrive ei sak om låg ressursbruk i Stad kommune og knyte dette opp til innføring av ny opplæringslov 01.08.2024.

##### **Framlegg til vedtak:**

Styret held fram arbeidet med saka.

##### **Vedtak:**

Styret held fram arbeidet med saka.

Referent:

Lokallagsleiar:



Siv Tonje Otneim

Siv Tonje Otneim

**Postadresse**  
Leikanger 14  
6750 Stadlandet

**Telefon**  
41438094

**E-post/internett:**  
[post@stad.utdanningsforbundet.no](mailto:post@stad.utdanningsforbundet.no)  
[www.utdanningsforbundet.no](http://www.utdanningsforbundet.no)